

Kvanndalselva Kraftverk i Bjørnafjorden Kommune

Uttale fra Fusa Turlag

Referanse:

Vår dato: 01.04.2020 Vår ref.: 201911530-4 Arkiv: 312 Sakshandsamar: Dykkar dato: Anne Johanne Rognstad Dykkar ref.: 22959445/ajr@nve.no

Fusa kraftlag og Sunnhordland kraftlag har søkt om konsesjon for utbygging av eit småkraftverk i Kvanndalselva.

Holdhustjørna får ein dempingsmagasin på 2 meter regulering. Regulering om sommaren er 1 meter. Åreidselva er planlagt overført til Holdhustjørna.

Frå dammen og ned til kraftstasjonen er det planlagt 1 km borehol i fjell og 450 meter nedgraven trykkør.

Dette fjellområdet er svært mykje nytta både sommar og vinter. Bygdastølen tur- og skianlegg ligg i nærleiken. Det er ein stor parkeringsplass i starten av skianlegget, derifrå går det fleire merka turstiar. Forbi Holdhusstølen til Øykjafjell og Botnavatnet. Til Heihillerhornet, Kjerringafjell og Ottanosi.

Både Bygdastølen tur- og skianlegg og fjellområdet rundt er eit mykje nytta skiområde.

Ei av dei mykje nytta vinterløypene går over Holdhustjørna og vidare opp til fjellområda ved Øyrane / Engelifjell. Når Holdhustjørna vert regulert, vil dette bli ei løype som ikkje kan nyttast. Det vil vera eit tap for vinteraktiviteten i området. Kvanndalselva / Botnavatnet er allereie regulert. Særleg reguleringa av Botnavatnet har forringa bruken av området vinter tid. Sjølv om regulering av Holdhustjørna er i mykje mindre målestokk, meiner Fusa turlag at det er viktig at det vert sett inn kompensierende tiltak.

Dersom det vert utbygging vil Fusa turlag rå til at det vert laga ei alternativ skiløype aust for Holdhustjørna / Kvanndalselva. Med mindre tilrettelegging av terrenget enkelte plasser kan ein få ei god og familievennleg løype som løyser ut det store turområdet på og rundt Engelifjell. Fusa turlag vil gjerne bli tatt med på råd om plassering av løypa.

Styret i Fusa turlag ser at utbygginga vil påverka naturen lokalt og med visuell fjernverknad. Kvanndalselva / Botnavatnet er allereie regulert. Styret meiner at det er meir fornuftig med betre utnytting av eit allereie regulert vassdrag, enn å regulera nye uberørte vassdrag.

Fusa turlag vil difor ikkje gje ein negativ uttale til konsesjonen, men forventar at det vert sett inn kompensierende tiltak som nemnt ovafor.

Med Helsing

Styret i Fusa Turlag.